



Arkivnr: 2014/495-17

Saksbehandlarar: David Aasen Sandved, Erlend Hofstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.04.2016
Fylkesutvalet		20.04.2016

Høyring av forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - eigedomar i Kystverkets landsverneplan for maritim infrastruktur

Samandrag

Under prosjektet «Statens kulturhistoriske eiendommer» vert det utarbeidd sektorvise landsverneplanar for statlege kulturhistoriske eigedomar. Anlegg som her vert sett i høgste verneklasse skal fredast ved forskrift etter kulturminnelova § 22 a. Kystverkets landsverneplan for maritim infrastruktur omfattar eit utval av viktige sjømerke og hamner. På grunnlag av denne planen foreslår Riksantikvaren at 21 kompleks/anlegg vert freda. Eitt av desse ligg i Hordaland: Turøyvarden i Fjell kommune, eit representativt og godt bevart sjømerke frå 1896.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Turøyvarden i Fjell kommune. Varden er eit representativt døme på ein viktig type kulturminne i Hordaland og langs den norske kysten.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Høyringsbrev Kystverkets landsverneplan for maritim infrastruktur
- 2 Kapittel XX. Fredete eiendommer i Kystverkets Landsverneplan for maritim infrastruktur
- 3 Turøyvarden
- 4 Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar, kap. 1
- 5 Forholdet til naturmangfoldloven

Fylkesrådmannen, 21.03.2016**Bakgrunn**

Prosjektet «Statens kulturhistoriske eiendommer» vart starta opp i 2002 for å koordinera gjennomgangen av statleg eigedomsmasse. Frå hausten 2009 overtok Miljøverndepartementet ved Riksantikvaren ansvaret for prosjektet. Formålet er å bevare og gje eit formelt vern til eit representativt utval statlege eigedomar som kan dokumentere viktige sider av statleg verksemd, eller som av andre grunner har høg kulturminneverdi. Gjennomføringa av det statlege vernearbeidet er lagt til den enkelte samfunnssektor og munnar ut i sektorvise landsverneplanar.

Landsverneplanane har to vernekategoriar. Verneklasse 2 omfattar anlegg som skal vera underlagt eit sjølvpålagd statleg internt vern. Verneklasse 1 er kulturminne som skal fredast gjennom forskrift etter kulturminnelova § 22 a. Kapittel 1 i Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar vart vedteke i 2011 og inneheld felles fredingsføresegner. Kapitla for kvar sektor, med omfang og formål med fredingane i denne sektoren, vert vedteke etter kvart som landsverneplanane vert ferdige. Det er sektorkapitlet for eigedomar i Kystverkets landsverneplan som no er på høyring, førebels kalla kapittel XX.

På bakgrunn av landsverneplanen foreslår Riksantikvaren å freda eit utval av viktige fiskerihamner, fyrlykter, vardar, båkar samt ei loshytte, i alt 32 kulturminne fordelt på 21 anlegg/kompleks. I utvalet av kulturminne er det lagt vekt på å sikre både godt bevarte og karakteristiske døme på dei ulike typane kulturminne samt geografisk spreing. Eitt av kulturminna som vert foreslått freda ligg i Hordaland, nemleg Turøyvarden i Fjell kommune. Turøyvarden vart bygd av Fyr- og merkevesenet i 1896 og ligg på det høgste punktet på Turøy, 74 m over havet. Han er mura i gråstein og tjørebreidd, vel fem meter høg med form som ei avkorta kjegle. Varden er synleg langt til havs og har vore eit viktig landkjenningsmerke, både for sjøfarande langs kysten og for innseglinga til landområda innanfor. Innseglinga ved Turøy var særskild viktig for dei som budde langs indre del av Hjeltefjorden.

Turøyvarden inngår i Nordsjøløypa, vandringsveggar i kulturlandskapet. Det er ein kultursti gjennom kommunane ytst langs Hordalandskysten, og del av eit 5 500 km langt nettverk av tilsvarande løyper i andre fylke og i dei andre landa rundt Nordsjøen. Ved å rydde, merkje og skilte dei gamle ferdsløreane i den ytste kystsona er maritim historie kopla saman med rekreasjon og friluftsliv. Hordaland fylkeskommune var ein sentral aktør i etableringa av Nordsjøløypa.

Vurdering

Vardar og andre seglmerke er ein viktig del av den maritime infrastrukturen og utgjer fysiske minne om sjøfartsnæringa og ferdsla på havet – ei heilt sentral side ved livet og kulturen langs Norskekysten gjennom alle tider. Sjømerka viser òg korleis merking av leia etter kvart vart ei viktig offentleg oppgåve. Dei er også noko som svært mange av dei som ferdist langs kysten i dag har eit forhold til.

Turøyvarden er ein god representant for dette viktige og karakteristiske elementet i det norske kystlandskapet. Varden er godt bevart og fyller framleis funksjonen som sjømerke. Samstundes vert rolla som kulturminne framheva av at han inngår i Nordsjøløypa, noko som òg med på å gjera Turøyvarden til eit godt val for å formidla denne sida av historia.

Det er eit nasjonalt mål at eit representativt utval kulturminne, som dokumenterer breidda i kulturhistoria, skal ha eit varig vern. Vardar og andre sjømerke er ein kategori som til no ikkje har vore representert på fredingslista. Sett bort frå Fjell festning har Fjell kommune til no ingen freda kulturminne frå nyare tid, og det er heller ikkje mange av dei elles i områda lengst ut mot kysten i fylket. Både tematisk og geografisk vil freding av Turøyvarden vera eit bidrag til ei meir dekkande fredingsliste.

Det er difor god grunn for å slutta seg til freding av Turøyvarden.